

Etiske retningslinjer for bruk av sosiale medier

(tillegg til etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette)

1. *Kva er sosiale medier*

- Sosiale medier er fellesnemninga på nettstader der brukarane sjølv skaper innhaldet. Eksempel på dette er til dømes Facebook, LinkedIn, Twitter, Youtube, bloggar og diskusjonssider.

2. *Bruk av kommunal Facebookside*

- Som tilsett i Valle kommune er det positivt at du er «til stades» på nettet, deltek i debattar og meningsutvekslingar etc, men hugs at du alltid representerer arbeidsgjevar. Ha alltid «kommunebrillene» på.
- Ikkje kommenter eller legg ut informasjon som du har tileigna deg som tilsett i Valle kommune, og som er underlagt teieplikt, unnateke offentlegheit eller er ein del av pågåande sakshandsaming.
- Ikkje legg ut andre sitt materiale utan godkjenning.
- Sosiale medier er møte mellom menneske. Legg gjerne til rette for dialog, men saksbehandling skal skje i andre kanalar.
- Publisér svar på spørsmål og kommentarar snarast råd
- Publisering av bilde og anna frå kollegaer krev samtykke.
- Ver høfleg og respektfull.
- Diskuter sak, ikkje person.
- Ver merksam på konfliktrar og verbale kampar.
- Sjekk fakta dersom du er usikker. Rett alltid opp faktafeil.
- Ved innspel som krev saksbehandling skal avsendar oppmodast til å formelt rette dette til kommunen. Saka vil då bli behandla i tråd med gjeldande saksbehandlingsreglar.
- Alle ytringar på den offisielle kontoen skal vere partipolitisk og religiøst nøytrale og (sjølvst) ikkje virke diskriminerande på nokon som helst måte.
- Informer om arrangement, nyheiter og anna som er av verdi for brukarane.
- Ingenting er privat på nettet, hugs det når du publiserer. Internett har ikkje angreknapp, ver varsam.

3. *Tilsette sin bruk av sosiale medier privat*

- Ver bevisst din rolle som tilsett i Valle kommune ved all bruk av sosiale medier.
- Ver open om at du er tilsett i Valle kommune i samanhengar der dette er naturleg.
- Bruk eige namn og opplys at du er tilsett i Valle kommune. Ikkje skriv anonymt.

- Presiser at du ytrar deg som privatperson og ikkje på vegne av Valle kommune dersom det kan skape tvil om kva rolle du har.
- Ikkje bruk Valle kommunes logo når du opptrer som privatperson.
- Hugs at reglane om teieplikt, personvern, ytringsfridom, lojalitetsplikt mv som du må halde deg til i din jobb i Valle kommune også gjeld når du opptrer som privatperson i sosiale medier.
- Ver særleg bevisst som tilsett i kommunikasjon med særskilte grupper, slik som elevar, funksjonshemma, klientar eller pasientar.
- Leiarar har eit særskilt ansvar i høve sine medarbeidarar, lærlingar som arbeider med barn og unge etc, jf. som leiar er du også rollemodell.
- Ingenting er privat på nettet, hugs det når du publiserer. Internett har ikkje angreknapp, ver varsam.
- Når du er på nettet som privatperson, hugs også retningslinene som gjeld for deg som tilsett.

4. Ved deltaking på sosiale medier – hugs:

- Forvaltningslova
- Ethiske retningsliner for folkevalde og tilsette
- Arkivlova
- Teieplikta
- Offentleglova
- Personopplysningslova
- Folkeskikk og respekt for andre

5. Brot på dei etiske retningslinene

- Kommunens etiske retningsliner gjeld like mykje på nett som utanfor nett.
- Brot på dei etiske retningslinene kan få konsekvensar for arbeidsforholdet. Alvorlege brot på reglane kan medføre åtvaring, oppseiing eller avskjed, uavhengig av kva for stilling/funksjon vedkomande har i Valle kommune.
- Tilsvarande gjeld for brot på teieplikta.